



Arkivsaksnr.:
2022/12806

Dokumentdato:
17.10.2022

Styre:
Fakultetsstyret ved Det samfunnsvitenskapelige fakultet

Styresak:
69/22

Møtedato:
25.10.2022

Opprettelse av Erfaringsbasert masterprogram i undersøkende journalistikk

Bakgrunn

Institutt for informasjons- og medievitenskap har vedtatt å opprette et erfaringsbasert masterprogram i gravejournalistikk rettet mot journalister og redaksjonelle medarbeidere i arbeidslivet. Utdanningen har som mål å øke den praktiske, kritiske og analytiske kompetansen innen undersøkende journalistikk i Norge for å møte nyhetsmediene sitt samfunnsoppdrag; å avdekke og avsløre maktmisbruk i samfunnets institusjoner, politisk korrupsjon, økonomisk kriminalitet, kritikkverdige forhold og skjulte bindinger.

Mediebransjen melder om et stort behov for kompetanseutvikling, noe som også er formalisert i den siste Journalistavtalen, som er en fremforhandlet avtale mellom Norsk Journalistlag og Mediebedriftene. Der forplikter partene seg på å utvikle kompetanseplaner for alle journalister som er omfattet av avtalen. Dette mastertilbudet er et svar på en slik forpliktelse.

Fagmiljøet fikk i 2021 støtte fra Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høyere utdanning (DIKU)/Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse (HK-dir) for å utvikle emner innen gravejournalistikk på masternivå, med plan om å utvikle et fullverdig masterprogram. Programmet er det første av sitt slag, og er forankret på Senter for undersøkende journalistikk (SUJO) ved Institutt for informasjons- og medievitenskap. Programmet vil slik ha tett tilknytning til mediebedriftene i Media City Bergen. Masteremnene blir også utviklet i tett samarbeid med mediekonsernene, redaktører og journalister.

Om studieprogrammet

Det foreslåtte studiet er et erfaringsbasert masterprogram på totalt 90 studiepoeng. Søkerne må ha minst 2 års relevant yrkeserfaring fra journalistikk og/eller redaksjonell ledelse for å kvalifisere for opptak til emnene som utgjør programmet. For å kunne oppnå mastergraden på studentene ta minst ett av to obligatoriske emner (10 studiepoeng/emne), minst fem valgfrie emner (10 studiepoeng/emne, og masteroppgavemenet (30 sp). Tilbudet om valgfrie emner legger til rette for fleksibilitet og relevans for studentenes arbeidshverdag. Studentene skal velge minst fem av sju mulige valgemenner med ulikt faglig fokus og utspring i forskningsinteresser i journalistikkmiljøet ved instituttet.

Undervisningen på programmet vil bli lagt opp som en kombinasjon av fysiske samlinger og digital deltakelse. Studentenes egne graveprosjekt utgjør grunnlaget for mye av arbeidet. Fagmiljøets intensjon er å bygge et redaksjonelt fellesskap som del av kursene.

Det erfaringsbaserte masterprogrammet tar utgangspunkt i at studentene har arbeidserfaring som kan brukes som del av studiet. Programmet kommer i tillegg til det ordinære masterprogrammet i undersøkende journalistikk, som er et påbyggingsprogram til Bachelorprogram i journalistikk og retter seg mot studenter uten arbeidslivserfaring.

Det er et bredt spekter av ressurser som vil bidra i programmet, både faste vitenskapelig ansatte ved instituttet, gjesteforelesere fra andre institusjoner og fra mediebransjen. En gruppe på 5-8 vitenskapelig ansatte vil utgjøre kjernen av undervisere programmet.

Programmet vil etter planen ha oppstart høsten 2023.

Finansiering

Masterprogrammet skal være selvfinansierende og kursavgiften som studentene betaler skal finansiere hele tilbudet. Det er også budsjettert med et overskudd, med målsetting om at studiet skal bidra til finanseringen av SUJO.

Ordinær pris per student per modul på 10 studiepoeng er satt til 40.000 kroner (30 000 kroner for mediekonsernene som er partnere med SUJO). Totalt budsjetterer instituttet med en inntekt på 525 000 kroner per emne med 15 studenter og en utgift på ca. 400 000 kroner til undervisning, faglig og administrativ koordinering og gjennomføring av samlinger. Dette gir et overskudd på rundt 120 000 kroner per emne.

Instituttet søkte våren 2021 og fikk 6,8 millioner kroner fra DIKU til finansiering av utviklings- og oppstartskostnader i en periode på 3 ½ år. Tildelingen fra DIKU bidrar blant annet til finansieringen av én koordinatorstilling ved Institutt for informasjons- og medievitenskap. SUJO vil dekke deler av denne koordinatorstillingen når midlene fra tildelingen går ut. I budsjettet er det også lagt inn en administrativ ressurs på 40 timer per emne. Dette tar høyde for budsjetterte administrasjonskostnader som er innarbeidet på forskjellige nivå og ivaretas ved SUJO og Institutt for informasjons- og medievitenskap.

For å sikre finansieringen av emnene er det avgjørende at fagmiljøet rekrutterer tilstrekkelig med studenter til tilbudet. SUJO har inngått en avtale med NRK om garanti på studieplasser per masteremne, og de jobber nå med å inngå lignende avtale med de andre mediekonsernene. Gode stipendordninger for studiepermisjon i mediebransjen kan bidra til å sikre at mastertilbudet blir mindre sårbart for økonomiske svingninger i bransjen.

Fakultetsledelsens vurdering

Fakultetet oppfatter programmet som høyst arbeidsrelevant og som et svar på konkrete behov i mediebransjen. Det er en særlig utfordring å sikre god rekruttering til selvfinansierte kurs, og tilknytningen til bransjen og innretting av tilbudet til deres behov vil bidra til å sikre god rekruttering til tilbudet. Tilknytningen til Senter for undersøkende journalistikk er også med på å sikre tilknytningen til bransjen, samtidig som senteret gjennom sine fagressurser kan bidra til å holde programmet særlig aktuelt og fagnært. Vi oppfatter derfor programmet som et godt tilskudd til fakultetets studieportefølje.

Fakultetet har noen tilbakemeldinger til søknaden som er meldt videre til instituttet for oppfølging. Kort oppsummert gjelder tilbakemeldingene:

- Alle utgifter knyttet til programmet skal dekkes av studentenes egenbetaling, både knyttet til undervisning og administrasjon.
- Arbeidsomfang for emner på 10 studiepoeng skal være på minimum 250 timer, i tråd med Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk.
- Programmets læringsutbytte bør gjennomgås med tanke på at det er få obligatoriske emner i programmet og at studentenes kompetanse, kunnskap og ferdigheter dermed er mindre forutsigbart.
- Studentenes tilgang til mobilitetstilbud bør spesifiseres, i og med at de ikke har opptak på et studieprogram, noe som vanligvis kreves i forbindelse med studentutveksling.
- Instituttet må oppnevne en ekstern fagfelle for programmet som del av UiBs system for kvalitetssikring av studier.

Proessen videre

Søknad om oppretting av programmet er allerede sendt til behandling i UiBs studiekvalitetskomité og de har anbefalt oppretting av programmet. Søknaden har også blitt lagt frem for Utdanningsutvalget ved UiB i deres møte 6. oktober 2022. Universitetsstyret vil etter planen vedta oppretting av nye studier i sitt møte 24. november 2022.

Forslag til vedtak

Styret ved Det samfunnsvitenskapelige fakultet støtter med dette opprettingen av Erfaringsbasert masterprogram i gravejournalistikk.

Jan Erik Askildsen
dekan

Alette Gilhus Mykkeltvedt
fakultetsdirektør

Vedlegg

- 1 Søknad om oppretting av erfaringsbasert master i gravejournalistikk
- 2 Studieplan og emnebeskrivelser
- 3 Anbefalingsbrev fra instituttleder
- 4 Budsjetteksempler



Oppretting av studier ved UiB

Søknadsskjema

Søknad om oppretting av

ERFARINGSBASERT MASTER I GRAVEJOURNALISTIKK

31. august 2022

1. Generelt om studiet

Studiet er eit erfaringsbasert masterstudium (90 studiepoeng) som rettar seg mot journalistar og redaksjonelle medarbeidarar. Utdanninga er fleksibel og har som mål å auka den praktiske, kritiske og analytiske kompetansen innan systematisk og metodisk undersøkende journalistikk i Norge.

Universitetet i Bergen har drive journalistutdanning sidan 2005. Frå 2017 har det også vore eit tilbod om ein master i undersøkende journalistikk. Undersøkende journalistikk – eller gravejournalistikk – tilhøyrer kjernen i nyheitsmedia sitt samfunnsoppdrag, nemleg det å avdekka og avsløra maktmisbruk i samfunnet sine institusjonar, politisk korrupsjon, økonomisk kriminalitet, kritikkverdige forhold og skjulte bindingar. For å kunna avdekka slike kritiske forhold i ei stadig meir komplisert og digitalisert røynd, treng journalistar meir kompetanse innan digitalisering, datajournalistikk og undersøkende journalistikk.

Den eksisterande masteren i undersøkende journalistikk er ein påbyggingsmaster til den ordinære bacheloren i journalistikk ved UiB. Her er det ingen føresetnad med omfattande praktisk erfaring. Den *erfaringsbaserte* masteren i gravejournalistikk tar utgangspunkt i at studentane har erfaring og at denne erfaringa skal nyttast undervegs i studiet. Det skjer både i dialogar i undervisninga – både med faglærar og med medstudentar – og i oppgåveskriving.

Studiet har ei kritisk, analytisk og praktisk tilnærming til alle fasar i eit graveprosjekt – idéfase, midtfase og slutfase. Midt i fleksibiliteten er det å viktig å sikra ein grunnkompetanse hos masterkandidatane. Difor må studentar som vil ta den avsluttande masteroppgåva ha minst eitt av desse to emna i porteføljen:

UJO660 (10)stp)	-	FRÅ IDÉ TIL PUBLISERING
UJO661 (10 stp)	-	REPORTASJELEIING I UNDERSØKANDE JOURNALISTIKK

Utover dette kravet kan studentane setja saman dei 60 studiepoenga, før masteroppgåva, fritt og fleksibelt:

UJO6xx (10 stp)	-	AVANSERT RESEARCH I UNDERSØKANDE JOURNALISTIKK
UJO6xx (10 stp)	-	HISTORIEFORTELJING I UNDERSØKANDE JOURNALISTIKK
UJO664 (10 stp)	-	JOURNALISTIKK, STORE DATA OG DIGITALE VERKTØY
UJO665 (10 stp)	-	PROGRAMMERING I PYTHON
UJO6xx (10 stp)	-	METODERAPPORT – PRAKTISKE OG KRITISKE PERSPEKTIV
UJO6xx (10 stp)	-	ETIKK I GRAVEJOURNALISTIKK

(Enkeltemna som har emnekode er alt godkjende som enkeltemne.)

Etter oppnådde 60 studiepoeng frå grunnpakken tar studentane ein 30 poengs oppgåve-modul:

UJO6xx (30 stp) - MASTEROPPGÅVE I GRAVEJOURNALISTIKK

Studentar kan også søka om å få godkjent emne frå andre mastertilbod som del av grunnlaget for å kunna ta masteroppgåva.

Masteren rettar seg mot journalistar i arbeid – eller med erfaring – over heile landet. Undervisninga blir lagt opp som ein kombinasjon av fysiske samlingar og digital deltaking. Studentane si erfaring, sine eigne graveprosjekt, står i fokus som grunnlag for kritisk og analytisk tilnærming.

Kvart emne startar og sluttar med fysisk samling. Det er ein klar intensjon å byggja eit redaksjonelt fellesskap, med skaping av tillit for å dela idéar og drøfta løysingar i grupper som ein del av undervisninga.

FORANKRING

Senter for undersøkende journalistikk (SUJO) er det einaste spesialiserte fagmiljøet for undersøkende journalistikk i Norge. Det har utvikla kurstilbod i tett dialog med bransjen. Våren 2021 fekk fagmiljøet støtte frå Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse til å utvikla enkeltemne i gravejournalistikk, på masternivå, med plan om å utvikla eit fullverdig mastertilbod. Både institutt- og fakultetsleiing var involvert i søknaden i 2021, og gjennom det kjent med dei underliggende planane om å utvikla eit fullverdig mastertilbod.

«Sentrale behov i våre organisasjoner er kompetanse innen digitalisering, datajournalistikk og undersøkende journalistikk. Vi er derfor svært positive til UiB og SUJOs planer om etablering av fleksible mastermoduler på disse fagfeltene.»

Det skreiv nyheitsredaktør Karianne Solbrække (TV 2), sjefredaktør Gard Steiro (VG), distriktsredaktør Marius Lillelien (NRK) og generalsekretær Tomas Bruvik (Landslaget for lokalaviser) i eit tilrådingbrev i samband med søknaden.

Ein har dei siste åra sett at publikum har langt større vilje enn før til å betala for god kvalitetsjournalistikk. Det krev igjen auka kompetanse. Senter for undersøkende journalistikk, SUJO, blei oppretta i 2018 som eit svar på media sitt behov for auka kompetanse innan undersøkende journalistikk. På kort tid har SUJO plassert seg som ein viktig institusjon i bransjen med ein sterkt etterspurd kompetanse. Senteret er det einaste av sitt slag i Norden. Frå 2020 er senteret medlem av det verdsomspennande gravenettverket Global Investigative Journalism Network (GIJN).

Undervisninga skjer i tett samarbeid mellom det praktiske miljøet ved SUJO (der dei fleste også har minst mastergrad som utdanningsbakgrunn) og det vitenskaplege miljøet ved Institutt for informasjons- og medievitskap. I kombinasjon med spisskompetansen og den praksisnære tilnærminga som SUJO har, kjem den akademisk plattformen som fagmiljøet ved instituttet utgjør, og ei tett tilknytning til det teknologiske miljøet og mediebedriftene i Media City Bergen/NCE.

Pedagogisk lener studiet seg mot innovasjonspedagogikk for mediestudentar, utvikla av professor Lars Nyre ved instituttet. Denne pedagogikken vektlegg aktive deltakarar og ei vilje til å søka etter nye og innovative måtar å utvikla og formidla idéar og prosjekt på. Det er pedagogiske grunnprinsipp som høver godt til journalistar som står overfor utvikling og gjennomføring av graveprosjekt.

Fagleg er studiet såleis plassert i tre solide søyler: Det journalistikkfaglege miljøet ved Institutt for informasjons- og medievitskap, Senter for undersøkende journalistikk og det innovative og teknologiske miljøet i Media City Bergen.

GRUNNLAG FOR REKRUTTERING TIL STUDIET

Kompetanse har blitt etterspurt av både journalistar og redaktørar i mange år. Ein del har teke masteremne og mastergradar i andre faglege disiplinar. Miljøet rundt undersøkende journalistikk har vakse fram dei siste 30 år i Norge, ikkje minst drive fram av konferansen SKUP, der journalistar deler metoder og erfaringar kvart år.

Men dette vil vera første gong det blir tilbode ei fleksibel, erfaringsbasert mastergradsutdanning i undersøkende journalistikk.

Redaksjonar har no forplikta seg til å lage kompetanseplanar for sine journalistar, ifølgje den siste Journalistavtalen. Difor kan vi rekne med meir systematisk arbeid frå arbeidsgjevarar si side med å senda journalistar til studium som dette.

SUJO har inngått partneravtale med dei store mediekonserna, som er med å leggja til rette for at deira tilsette får ta masteremne.

SUJO har ein avtale med NRK som sikrar dei rett på 3-5 plassar på kvart masteremne. Til dei fire første emna vår og haust 2022 har dei sendt totalt 20 studentar og dermed fylt kvoten på alle emna.

Ved studiestart 2022 er tre enkelt-emne gjennomført: først eit pilotemne med ti journalistar frå NRK frå oktober 2021 til februar 2022. Våren 2022 blei det gjennomført mastermodular med til saman 25 studentar.

Studentane kjem frå alle dei store mediehusa og alle konserna, forutan fagpressa. Hausten 2022 tilbyr me to modular med til saman 21 studentar.

Dermed er totalt 56 masteremne-plassar gjennomført eller påbegynt no i haust. Tre av studentane har teke to eller fleire masteremne og seier at dei ynskjer å ta ein heil mastergrad. Minst to av studentane som har begynt i haust har fortalt at dei planlegg det same.

TYPE STUDIUM

Typer laveregradsstudium (kryss av)	
☐	Bachelorgradsstudium
☐	Kortere studium på lavere grad som ikke fører til en grad (grunnutdanning),

	årsstudium
	Studieretning innenfor en bachelorgrad
	Fellesgrad
	Videreutdanning
Type mastergradsstudium (kryss av)	
	Mastergradsstudium 120 studiepoeng – § 3
X	Erfaringsbasert mastergradsstudium 90 studiepoeng – § 5
	Erfaringsbasert mastergradsstudium 120 studiepoeng - § 5
	Mastergradsstudium 300 studiepoeng
	Fellesgrad
X	Videreutdanning
Hvorvidt studiet skal tilbys som (kryss av)	
	Heltidsstudium
X	Deltidsstudium
	Campus-/stedbasert studium
	Samlingsbasert studium
	Nettstudium
X	Nettstudium med samlinger

STUDIETS OPPBYGGING

H	10 stp. Frå ide til publisering	10 stp. Datajournalistikk	10 stp. Avansert research
V	10 stp. Reportasjeleiing	10 stp. Programmering	10 stp. Historieforteljing/ etikk/ metoderapport (*)
H/ V	30 stp Masteroppgåve i gravejournalistikk		

(*) Ideen – basert på pilot-gjennomføring av enkeltemne så langt – er at fem av emna har fast plass i semestera, medan dei tre andre vil gå på omgang etter behov/etterspurnad.

2. Krav til studietilbudet

(Kommentarar opp mot Studietilsynsforskriften § 2-2)

(1) Læringsutbyttet for studietilbudet skal beskrives i samsvar med Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR), og studietilbudet skal ha et dekkende navn. Læringsutbyttet for studietilbud med profesjonskrav, f.eks. studietilbud med rammeplaner, må oppfylle både profesjonskravene og kravene i NKR.

Læringsutbyttet for enkeltemna og programmet som heilskap følgjer malen i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR). Samtidig har tolkinga av malen blitt gjort ut frå dette studiets eigenart, i tett dialog mellom praksisnære undervisarar og vitskapleg tilsette ved journalistikk-tilbodet ved UiB.

Det finst ei rekkje studietilbod ved universitet og høgskular i Norge med nemninga «Journalistikk». På ordinært masternivå har me eit tilbod i «undersøkande journalistikk». Gravejournalistikk viser til lange tradisjonar på praktisk side, mest kjent som «møkkagravingstradisjonen» (muckrakers) frå starten av 1900-talet. Namnet er såleis både praksisnært, men samtidig finst det ein lang forskingstradisjon, både på norsk og internasjonalt.

(2) Studietilbudet skal være faglig oppdatert og ha tydelig relevans for videre studier og/eller arbeidsliv.

Studietilbodet er retta mot studentar med minst to års relevant yrkeserfaring frå journalistikk/redaksjonell leiing. Studietilbodet er tett forankra i det faglege journalistikkmiljøet ved UiB, og ved Senter for undersøkande journalistikk. Desse miljøa har dagleg kontakt med bransjen og dei behova ein der har. Pilot-emna som er gjennomført, på grunnlag av støtta frå HK-Dir, har også gitt solid innsikt i studiets arbeidslivsrelevans.

Gjennom krava til enkeltemne og, spesielt, masteroppgåva, blir det lagt grunnlag for kvalifikasjonar til vidare akademiske studiar, dersom nokon av kandidatane skulle ønska det.

(3) Studietilbudets samlede arbeidsomfang skal være på 1500-1800 timer per år for heltidsstudier.

Her er det etablert ein mal for 10 poengs kurs gjennom pilot-modulane. Kursa har hatt tre fysiske samlingar og tett, nettbasert, oppfølging av studentane mellom samlingane. Studentane har dermed ein stor grad av sjølvstendig innsats, både individuelt og i grupper seg i mellom. Me legg til grunn, basert på faktiske gjennomføring, 150-160 timars total innsats pr. student pr. 10 poengs emne.

(4) Studietilbudets innhold, oppbygging og infrastruktur skal være tilpasset læringsutbyttet for studietilbudet.

Studiet har ein stor grad av fleksibilitet, men det ligg ein klar raud tråd i to av emna – Frå idé til publisering og Reportasjeleing. Studentar som vil ta master må ta minst eitt av desse emna. Gjennom det sikrar ein at overordna læringsutbytte – og mål og innhald – for programmet som heilskap vil gjelda alle som tar master. Den andre faste ramma er Masteroppgåva, der studentar får teoretisk, metodisk og analytisk kunnskap i pakt med læringsutbyttet på programnivå.

(5) Undervisnings-, lærings- og vurderingsformer skal være tilpasset læringsutbyttet for studietilbudet. Det skal legges til rette for at studenten kan ta en aktiv rolle i læringsprosessen.

At masteren er *erfaringsbasert* står heilt sentralt. Studentane skal bruka erfaringa si. Dei skal kunna nytta idear og prosjekt som dei står midt oppe i, i dei fleste emna, inkludert masteroppgåva. Bygging av læringsfellesskap, med dialog og diskusjon, studentane imellom står sentralt. Studentane vel problemstillingar som er meningsfulle frå ein praktisk ståstad, samtidig som faglærar vil sikra at problemstillingane blir behandla utifrå dei respektive emna sine mål.

(6) Studietilbudet skal ha relevant kobling til forskning og/eller kunstnerisk utviklingsarbeid og faglig utviklingsarbeid.

Emna som inngår i studietilbudet spring ut av forskingsinteresser til journalistikkmiljøet ved Universitetet i Bergen. Særleg god tilknytning finst i Masteroppgåva, der rettleiarane står midt i pågåande journalistikkforsking, både nasjonalt og internasjonalt.

(7) Studietilbudet skal ha ordninger for internasjonalisering som er tilpasset studietilbudets nivå, omfang og egenart.

Enkeltemne vil bli utvikla til dels i samarbeid med teknologiske og journalistiske miljø ved Media City Bergen, der internasjonale arrangement og nettverk er ein naturleg del av den jamne drifta. I tillegg er SUJO i gang med å etablera samarbeid internasjonalt, i første omgang med American University og andre miljø i Washington D.C. Samarbeid med SKUP gjer at studiet vil kunna tilby internasjonale kurshaldarar og førelesarar av høg internasjonal kvalitet og relevans.

(8) Studietilbud som fører fram til en grad, skal ha ordninger for internasjonal studentutveksling. Innholdet i utvekslingen skal være faglig relevant.

Studentar vil kunna nytta seg mobilitetstilbod, både slike som er under utvikling i regi av SUJO og dei som UiB for journalistikk alt har med ei rekkje studiestader rundt om i verda. Me har fire avtalar som er spesifikke for journalistikk: Universitat Autònoma de Barcelona, Università degli Studi di Roma, Charles University, Prague og University of Limerick.

(9) For studietilbud med praksis skal det foreligge praksisavtale mellom institusjon og praksissted.

Dette er ikkje aktuelt for studiet.

Vedleggsliste

Vedlegg til krav til studietilbudet: Marker med «Ikke relevant» dersom et vedlegg ikke er aktuelt for studiet	Vedlegg nr.
Studieplan	1
Tabell med oversikt over studiets oppbygning og innhold	*
Emnebeskrivelser	2-10
Avtaler om internasjonalisering	Ikkje relevant
Avtaler om studentutveksling (juridisk bindende)	**
Signert(e) praksisavtale(r)	Ikkje relevant
<i>For nettstudier (kun nettstudium eller i kombinasjon med stedbasert studium) kommer i tillegg:</i>	
Studieplan for nettstudiet (hvis relevant)	Ikkje relevant
Prosedyre for opplæring i nettstudier for studenter og lærere	Ikkje relevant
Dokumentasjon av læringsplattform for nettstudentene	Ikkje relevant
Dokumentasjon av nett-/faglærernes rutiner for oppfølging av nettstudenter (som responstid osv.)	Ikkje relevant

* Tabell med oversikt over studiets oppbygging og innhold ligg delvis i dette skjemaet og delvis i program-beskrivelsen.

3. Krav til fagmiljø

(Kommentarar opp mot Studietilsynsforskriften § 2-3)

(1) Fagmiljøet tilknyttet studietilbudet skal ha en størrelse som står i forhold til antall studenter og studiets egenart, være kompetansemessig stabilt over tid og ha en sammensetning som dekker de fag og emner som inngår i studietilbudet.

Fagmiljøet knytt til studiet er tverrfagleg innanfor Institutt for informasjons- og medievitskap. Det er tre vitenskapleg tilsette med hovudarbeid innanfor journalistikkprogramma. Staben er bygt opp over tid sidan oppstarten av bachelorprogrammet i 2005. I tillegg er førsteamanuensis Richard Moe frå informasjonsvitskapsmiljøet sentral i programmeringsemnet. Det vidare fagmiljøet er knytt til forskingsgruppa i Journalistikk ved instituttet, som har ein stad mellom 10 og 20 medlemmer.

Det praksisnære fagmiljøet ved Senter for undersøkende journalistikk er uvurderleg for alle journalistikk-tilboda ved UiB. Det er gjennom kombinasjonen av samarbeid mellom praksisnær kompetanse og vitenskapleg kompetanse at programma skaffar seg truverde og særeigne kvalitetar.

(2) Fagmiljøet tilknyttet studietilbudet skal ha relevant utdanningsfaglig kompetanse (UH-pedagogikk og -didaktikk, inkludert kompetanse til å utnytte digital teknologi for å fremme læring).

Tilsette i hovudstilling vil ha sentralt ansvar for dei fleste emna. Fagmiljøet oppfyller med det krav til relevant utdanningsfagleg kompetanse. Digital teknologi er ein integrert del av undervisning i dei ordinære tilboda, i tillegg at det er ein hjørnestein i fleire av dei planlagde emna på masteren.

(3) Studietilbudet skal ha en tydelig faglig ledelse med et definert ansvar for kvalitetssikring og -utvikling av studiet.

Institutt for informasjons- og medievitskap vil ha det faglege ansvaret for studietilbodet, Det samfunnsvitskaplege fakultet det administrative ansvaret. Det vil vera naturleg at Programrådet som tar seg dei ordinære journalistikkemna ved UiB også vil ta ansvar for utvikling og evaluering av denne masteren. Fagleg leiar for dei ordinære programma er tiltenkt rolla som fagleg leiar ved oppstarten også av den erfaringsbaserte masteren. Evaluering av emna i journalistikk ved instituttet følgjer eit klart system med faste evalueringar.

(4) Minst 50 prosent av årsverkene tilknyttet studietilbudet skal utgjøres av ansatte i hovedstilling ved institusjonen. Av disse skal det være ansatte med førstestillingskompetanse i de sentrale delene av studietilbudet. I tillegg gjelder følgende krav til fagmiljøets kompetansenivå:

- a) For studietilbud på bachelorgradsnivå skal fagmiljøet tilknyttet studiet bestå av minst 20 prosent ansatte med førstestillingskompetanse.**
- b) For studietilbud på mastergradsnivå skal 50 prosent av fagmiljøet tilknyttet studiet bestå av ansatte med førstestillingskompetanse, hvorav minst 10 prosent med professor- eller dosentkompetanse.**

Emneansvar – og programansvar – vil ligga på tilsette med hovudstilling ved UiB. Desse har enten professor- eller førsteamanuensiskompetanse. Sjølv om ansvaret ligg her, vil det i praksis vera ei felles gjennomføring med praksisnær kompetanse (med minst masterkompetanse). Ei slik delt ordning vil likevel sikra 50 % innsats frå vitskapleg stab og tilsvarande frå praksisnær stab.

(5) Fagmiljøet tilknyttet studietilbudet skal drive forskning og/eller kunstnerisk utviklingsarbeid og faglig utviklingsarbeid og skal kunne vise til dokumenterte resultater med en kvalitet og et omfang som er tilfredsstillende for studietilbudets innhold og nivå.

Journalistikkforskinga ved UiB har over tid vore leiande i Norge, og med fleire bidrag internasjonalt. I tillegg til fast vitskapleg stab er det Ph.D.-kandidat knytt til SUJO som har direkte relevant kompetanse for den planlagde masteren. Kandidaten er i sluttfasen av sitt arbeid og har alt hatt bidrag på undervisningssida på pilot-emna.

(6) Fagmiljøet tilknyttet studietilbud som fører fram til en grad, skal delta aktivt i nasjonale og internasjonale samarbeid og nettverk som er relevante for studietilbudet.

Gjennom SUJO er fagmiljøet knytt både til nasjonale fagmiljø – SKUP – og internasjonale – gjennom Global Investigative Journalism Network (GIJN).

Journalistikkforskarar knytt til studiet har vore eller er knytt til nasjonale og/eller internasjonale forskingsprosjekt. Internasjonalt er miljøet no mellom anna knytt til det EU-finansierte prosjektet Nordis, som fokuserer på faktagransking. Professor Carl-Gustav Lindén er leiar for det nordiske nettverksprosjektet Augmentet Journalism. Han koordinerer også eit internasjonalt nettverk med 26 PhD-kandidatar som forskar på nyheitsautomasjon. Lindén har ei spesielt viktig rolle i den planlagde masteren si søyle for datajournalistikk.

(7) For studietilbud med obligatorisk praksis skal fagmiljøet tilknyttet studietilbudet ha relevant og oppdatert kunnskap fra praksisfeltet. Institusjonen må sikre at praksisveilederne har relevant kompetanse og erfaring fra praksisfeltet.

Ikkje relevant.

Appendix

Tabell 1: Studenter og ansatte

Tabellen skal gi informasjon om studiets størrelse i forhold til fakultetets øvrige studietilbud. Oppgi tall fra siste mulige tellingstidspunkt ("X") og sett dette inn i tabelloverskriftsraden (dvs. erstatt X'ene med årstall).

Enheter og program	Registrerte studenter H-21	Opptatte studenter i H-21	Kandidater i 2021	Vitenskapelige årsverk 2021
Ved fakultetet totalt	4275	2254	850	402
Ved instituttet for det omsøkte studiet	1200	556	312	117
Ved det omsøkte studiet				*

Kommentar:

Tal frå Database for statistikk om høgre utdanning (DBH).

* Det omsøkte studiet har ikkje ei eiga bemanning. Journalistikkmiljøet ved UiB har pr. i dag 3 faste vitenskaplege tilsette, i tillegg til Ph.D. Vitskaplege stillingar elles ved instituttet inngår – og kjem til å inngå.

Tabell 2: Forventet antall studenter ved studiet

Tabellen skal gi informasjon om forventet studenttall og rekrutteringsgrunnlag for studiet.

Antall studenter ved det omsøkte studiet	Studenter totalt første studieår	Studenter totalt ved full drift
Antall fulltidsstudenter	-	-
Antall deltidsstudenter	30-40	30-40
Antall nettstudenter	-	-

Kommentar:

Det er uklart i skrivande stund kor mange av studentane som går eitt eller to enkeltemne som *ønskjer* å gjennomføra full master. Pr. no har me eit studenttal på 12-20 pr. emne. Berre ein handfull av desse har gitt uttrykk for at dei *ønskjer* å ta heil master, men så langt har heller ikkje dette vore eit fullverdig tilbod.

Tabell 3: Oversikt over fagmiljøet

Tabellen skal gi en kvantitativ oversikt over fagmiljøet studiet er forankret i. Innsatsen til de ansatte oppgis i undervisningsprosent, ved oppstart og ved full drift.

Samlet oversikt over planlagt dimensjonering av undervisningsressurser for studieprogrammet					
1	2	3	4	5	6
Stillingskategori første studieår	Samlet antall første studieår	Samlet undervisningsprosent per stillingskategori første studieår	Stillingskategori ved full drift	Samlet antall ved full drift	Samlet undervisningsprosent per stillingskategori ved full drift
Professor	2	25 %	Professor	2	50 %
Førsteamanuensis	2	25 %	Førsteamanuensis	2	50 %
Post doc			Post doc		
Stipendiat			Stipendiat		
Universitetslektor			Universitetslektor		
..					

** To forhold: For det første er det pr. no uklart kor omfattande studenttalet vil bli. Det vil i stor grad påverka rettleiar-ressursen, både på enkeltemne og på masteroppgåve.

For det andre inngår vitskapleg tilsette i tett samspel med praksisnær kompetanse ved Senter for undersøkende journalistikk. Kvart emne blir drifta i team med vitskapleg tilsett som ansvarleg og praksislærer tett påkopla i planlegging og gjennomføring av emne.

Instituttleder skal gi en samlet vurdering av faglig robusthet og tilgjengelige undervisningsressurser i studiet

** Blir ettersendt

Studieplan for Erfaringsbasert master i gravejournalistikk

Namn på grad

Master i gravejournalistikk

Omfang og studiepoeng

90 studiepoeng

Fulltid/deltid

Studiet er tilrettelagt for å kunna kombinerast med jobb og gjennomførast på deltid over 3 år. Dette har til føresetnad at studentane tar emne som utgjer 30 studiepoeng per studieår. Ein raskare progresjon er muleg dersom ein tar fleire emne parallelt.

Undervisningsspråk

Norsk og engelsk

Studiestart-semester

Haust og vår

Mål og innhald

Målet med masterstudiet er at kandidatane skal ha inngåande kunnskap og avanserte dugleikar knytt til alle fasar ved det å driva gravejournalistikk: idéfasen, midtvegsfasen og sluttfasen. Eit overordna mål er å sikra kvalitet og framdrift i graveprosjekt, ved hjelp av ei breidde av vitskaplege og praktiske tilnærmingar. I botnen ligg det at masteren er erfaringsbasert, slik at studentane sine egne erfaringar spelar ei sentral rolle i undervisning og i oppgåvearbeid. Den erfaringsbaserte masteren i gravejournalistikk er primært retta mot redaksjonelle medarbeidarar i arbeid. Studentane ved programmet er aktive journalistar og redaksjonsmedarbeidarar som i fellesskap bidreg til både framdrifta i læring undervegs i programmet, men også til utvikling av eit fagleg fellesskap utover dette. Studiet har slik eit praktisk fundament, men med gjennomgåande kritiske perspektiv. Studiet skal gi studentane eit solid fagleg fundament for å kunna driva fram og/eller leia journalistiske graveprosjekt.

Undervisninga skjer i tett dialog med pågåande journalistikk og forskning på området. Ein blir som student knytt til det felles fagmiljøet ved Senter for undersøkende journalistikk (SUJO) og ved journalistikkutdanninga ved Institutt for informasjons- og medievitskap i medieklynga Media City Bergen.

Studiet er eit fleksibelt deltidstudium, der ein som student i stor grad legg opp til eiga framdrift. Studiet består av ein meny av åtte grunnemne, kvart på 10 studiepoeng. Studentane *må* velja minst eitt av desse to emna i sin portefølje:

660 – Frå Idé til publisering

661 – Reportasjeleiing i undersøkende journalistikk

Utover dette kan studentane velja fritt mellom emna i den erfaringsbaserte masteren, for å til saman oppnå 60 studiepoeng som grunnlag for å skriva den avsluttande masteroppgåva, som har eit omfang på 30 studiepoeng.

Studentar kan, etter søknad, få godkjent emne på masternivå, tekne ved andre studier/lærestader, som del av den erfaringsbaserte masteren i gravejournalistikk. Føresetnaden er at fagstaben vurderer det (eller dei) aktuelle emnet (emna) som relevante for arbeid med gravejournalistikk. Ein kan få innpassing av andre studier på inntil 30 studiepoeng.

Emnet Frå ide til publisering har som mål å gi studentane både teoretisk og praktisk kompetanse i å utvikla alle relevante sider ved eit graveprosjekt. Det skal læra studentane å utvikla ein idé til eit fullverdig gravedesign – frå prosjektstart til publisering.

Emnet Reportasjeleiing i undersøkende journalistikk har sitt hovudfokus på det å leia større graveprosjekt.

I emnet Avansert research i undersøkende journalistikk lærer studentane metodar som er spesielt eigna for avanserte graveprosjekt. Eit særleg viktig område er nye utviklingstrekk innan utvikling av grave-design nasjonalt og internasjonalt.

Emnet Historieforteljing i undersøkende journalistikk fokuserer på korleis ein som gravejournalist kan formidla eit arbeid slik at journalistikken skaper engasjement og får konsekvensar. Eit sentralt tema er digitale forteljarformer.

Emnet Datajournalistikk, store data og digitale verktøy har som mål å gi ei inngåande forståing av data som journalistiske verktøy – i heile den journalistiske prosessen, og med eit særleg fokus på gravejournalistikk. Emnet går i djupna på fire fasar i eit datajournalistisk prosjekt: i) innhenting og import av data, ii) vasking av data, iii) analyse av data, iv) presentasjon av data.

Programmering i Python har som mål å gi grunnlag for avansert bruk av data i journalistisk arbeid. Studentane lærer å skriva enkle program og forstå grunnleggande omgrep i eit moderne programmeringsspråk, til bruk i utfordrande undersøkende opplegg.

Emnet Metoderapport – kritiske og praktiske perspektiv er eit refleksjonsbasert emne med gravemetodar som omdreiingspunkt. I den praktiske tilnærminga blir form og innhald til konkrete metoderapportar frå graveprosjekt undersøkt, analysert og drøfta. I den kritiske tilnærminga blir sjølve rapportsjangeren problematisert og drøfta.

Etikk i gravejournalistikk har som mål å løfta fram og problematisera dei særskilde etiske utfordringane i gravejournalistikk. Spesielt er det fokus på dei etiske utfordringane som oppstår fordi prosjekta er langvarige og inneber omfattande former for kjeldepleie, gjerne med sårbare kjelder involvert.

